



Beredskapsplakat

Denne plakaten gir deg viktig informasjon om kommunal beredskap, og tips til eigen beredskap.
Det er viktig å vere så godt førebudd på mulege hendingar som ein kan vere.

Huskeliste i heimen

- ✓ Tenk gjennom kva farar, ulykker og utfordringar du kan møte heime. Er det risiko som kan reduserast på førehand?
- ✓ Ved langvarig straumbrot om vinteren er det ein kritisk faktor å halde varmen. Alternativ varmekjelde er difor viktig. Har du ikkje vedomn, kan det vere lurt å ha ein gassovn tilgjengeleg.
- ✓ Ha lommelykter, batteri, batteriradio og stearinlys tilgjengeleg, ev ein oljelampe.
- ✓ Ha ein primus tilgjengeleg så du kan lage varm mat. Ev kan du nytte gassgrill til dette.
- ✓ Ha eit reservelager med tørrmat.
- ✓ Ta vare på kvarandre. Tenk på naboar som bor aleine. Sjekk om dei har det varmt og elles det som trengst.

Viktige telefonnummer

Brann	110
Politi	112
Ambulanse	113
Legevakta	116117
Vakttelefon	468 88 598



Fjellskredberedskap

Alle involverte kommunane har bygt opp ein felles beredskap for fjellskred. Det er NVE som står for overvakinga, og du finn mykje informasjon om dette på

www.nve.no/flaum-og-skred/fjellskredovervaking/

Aukar rørsle i fjellet unormalt, vil ein auke beredskapen, og informere om dette. Ein vil legge stor vekt på informasjon undervegs, og NVE som står for overvakinga vil heile tida orientere om utviklinga.

Massemedia og aktørane sine nettsider vil vere hovudkanal for formidling om rørslene i fjellet aukar utover normalen. Når ein kjem til ekstrem fare, og politiet vedtek evakuering, vil eit eige varslingsystem som når ut til innbyggjarar og verksemder bli sett i verk.

Viss straum og telenett forsvinn

Satelittelefonar

Kommunen har fem satelittelefonar. Desse er lokalisert på omsorgsbustaden i Eidsdal, sjukeheimen i Valldal, i brannbilane, og ein disponerer kriseleiinga. I ein krisesituasjon der kommunikasjonen ramlar ut kan ein få informasjon og hjelp om ein tek **kontakt på omsorgsbustaden i Eidsdal eller på sjukeheimen i Valldal.**

Kontakt via jaktradio

I tillegg vil Eidsdal/Norddal Røde Kors og Valldal Jeger- og fiskeforening møte opp på informasjonspunkta, og bistå med å formidle informasjon ut i bygdene via jaktradio. I alle bygdene er det kontaktpunkt der ein kan få sendt informasjon vidare.

Valldal

Hans Martin Gjedrem
Øyvind Grønning
Geir Arne Myren
Kristian Gjerde
Anders Gjerde
Kåre Erstad
Ove Indreeide

Norddal

Roy Meek

Eidsdal

Leidulf Tafjord
Røde Kors huset

Fjørå

Sveinung Ytterli
Leif Ytterli

Tafjord

Lars Petter Tafjord

Det er viktig i ein slik situasjon at andre ikkje brukar kanal 2 til kommunikasjon. Vi håper at denne kanalen får vere «i fred» slik at viktig informasjon kan kome fram til rett mottakar.

Kriseleiing / omsorgsberedskap

Kriseleiinga vert sett når det oppstår ei krise eller ei ekstraordinær hending. Rådmann er leiar i kriseleiinga.

Kommunane Norddal og Stordal har felles kriseteam/ omsorgsberedskapsgruppe. Gruppa består av fagpersonar som kan gje psykososial omsorg og støtte i ein krisesituasjon. Varsling om behov for gruppa kan meldast til legevaktsentralen, tlf. **116117**. Alle har teieplikt.